

# Gir økonomisk støtte til misbrukte menn



Helse- og førebyggingssjef Jorid Vea Isdahl og ordførar Sigmund Lier har vore sentrale i arbeidet med å få på plass avtalen.

Foto: Alf-Einar Kvalavåg

Tysvær tar grep etter overgrepssaka. Som første kommune i landet vel dei no å gi økonomisk støtte til hjelpeorganisasjonen Utsatt mann. Dei støtter også SMISO.

Av Mona Terjesen

Kommunen gjer fleire store tiltak for å bli betre på å handtere overgrepssakar. Både innad og utad.

## Skambelagt

Tysdag vedtok formannskapet å ta arbeidet i kommunen sine tenestar, med tiltak, rutinar og kompetanseheving til orientering. Dei vedtok også å støtte SMISO og Utsatt mann med 3 kroner per innbyggjar per år framover.

– Eg er glad med gir pengar til dette arbeidet, det viser at me sett det høgt, kommenterte ordførar Sigmund Lier.

– Så er det veldig flott at me også støttar Utsatt mann. Det er me den første kommunen i landet som gjør, og det kjennest godt. Det er viktig å også fokusere på menn som har blitt utsatt for overgrep. Det er dessverre framleis svært skambelagt og blir snakka lite om, nikka rådmann Arvid S. Vallestad.

## Ein vekkar

I desember 2016 publiserte fagbladet Utdanning ein artikkel om ein lærar i Tysvær som er dømt for seksuelle overgrep. Dei hadde intervjuat han, ofra hans, kommunetilsette og politiet.

– Etter at saka kom på trykk, blei det klart for den administrative og politiske leiinga i kommunen at dette er ei sak og eit tema som det skal bli snakka om. Mange er berørt, og fleire har antakeleg ikkje fått hjelp med å bearbeide skadane sine enda. «Saka skal ikkje bli tia ihjel, den skal snakkast ihjel» har blitt ein viktig leitetråd for kommunen, blir det oppsummert i saka.

Psykologspesialist Jakob Inge Kristoffersen frå Senter for krisepsykologi og advokat Roe Lauvås

blei tidleg engasjert som kommunen sine rådgivarar. Dei har hjelpt til med å handtere media i saka, og hjelpt til med det vidare arbeidet med rutinar og kompetanseheving.

**«Eg er glad med gir pengar til dette arbeidet, det viser at me sett det høg»**

Ordførar Sigmund Lier

Det blei sett på korleis ein framover kan bli meir årvakne og få betre varslingsrutinar, slik at overgriparane blir stoppa og politimeldt.

## Mange grep

Då læraren bak overgropa blei anmeldt og dømt, ein annan stad i landet, opna Tysvær ei økonomisk oppreisningsordning for

ofra hans i Tysvær. Dette arbeidet starta i 2009, og fleire tok kontakt det påfølgande året.

Kommunen har gjort mange grep sidan, og sett særleg fokus på dette det siste året. Mellom anna har dei ingått eit samarbeid med kommunane på Haugalandet, om «Handlingsplan mot vold i nære relasjonar». Dette er ein plan som ikkje berre omfattar barn og unge, men også blant andre vaksne funksjonshemma og eldre.

Styringsgruppe for tverrfaglig samhandling (STS) etablerte ei arbeidsgruppe for å utarbeide konkrete tiltak for planperioden.

Sidan februar i år har også psykologspesialist Kristoffersen og advokat Lauvås vore med i ei arbeidsgruppe for å betre kommunen sine rutinar. Der jobbar dei saman med kommunen sine eigne ressurspersonar, under leiing av helse- og førebyggingssjef Jorid Vea Isdahl.

Desse to arbeidsgruppene er no kopla saman, slik at alle innspela kjem med i «Handlingsplan mot vold i nære relasjonar».

Også skular og barnehagar, samt foreldre er inkludert i det førebyggande arbeidet til kommunen.

I tillegg legg kommunen opp til ei årleg fokusveke med overgrep på dagsorden.

## Gode saker

Interesseorganisasjonane SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep) og Utsatt mann, driv begge med likemannsarbeid og sjølvhjelpsgrupper.

SMISO er landsdekkande og gir eit tilbod til dei over 16 år som har vore utsatt for incest og seksuelle overgrep - og deira pårørande. Organisasjonen er eit lågterskelttilbod, og eit supplement til det offentlege.

Utsatt mann er for menn og gutter som er utsatt for seksuelle overgrep. Dei hjelper dei med å mestre livet sitt, og komme i kontakt med profesjonell hjelpe.

Begge organisasjonane har eit tilbod på Haugalandet.

Den økonomiske støtta til SMISO og Utsatt mann blir i år dekkja av formannskapet sin tilleggslovvingspost, og skal med i budsjettet og økonomiplanen fra 2018 til 2021.

Formannskapet stemte samrøystes for vedtaket i denne saka.